

## Oppland

SE OSS aksjonene i år gikk av stabelen på Raufoss og Dombås. 7. mai på Raufoss kom med steikende flott og varm sol. På forhånd hadde vi sørget pressemeldinger i de lokale avisene. Vi hadde i år som i fjor plass på motorfolkets vårmønstring på Raufoss. Vi hadde ferdig standen tidlig for å profilere oss og kjørte SE OSS runder i Raufoss sentrum fram til kl. 14.00.



Standen hadde kjempeplassering i forhold til å bli sett av alle og flyers ble delt ut på samtlige biler på Amfi Raufoss. Det var ca. 100 motorsykler innom i løpet av dagen, og det ble vervet nye medlemmer. SE OSS på Dombås ble arrangert 21. mai. Vi dro fra Statoil Mjøsstranda i lett regnvær tidlig på morgenen og SE OSS bannerne ble hengt opp mot E6. Vi var tre stykker fra styret som kjørte SE OSS runder i sentrum av Dombås, Det møtte også ca. 30 lokale aksjonister. Et gledelig stort oppmøte av lokale motorsyklister og klubber. Vi delte ut brosjyrer på alle biler som var innom og pratet med folk. Det var litt dårlig med «de som skal se oss» som kom innom standen på Sentralplassen. Erfaringen er at om vi skal dit igjen neste år bør vi sikre oss en plass nærmere der folk kommer for å handle



# Tur med forviklingar

Som (nesten) alle veit, er Lillehammer MC-klubb ein turklubb.

TEKST: KARI SØYLAND HAUGØDEGÅRD

Mottoet vårt er «Ut på tur, aldri sur». Vi har kjørt mange, mange stutte og lange turar, så å si utan uhell eller problem. Men helga 27-29 mai fekk vi testa prinsippet «aldri sur» opp til fleire gonger.

Turleiar Johnny B. inviterte til «en av sesongens flottaste turer med muligheit til å kjøre og beskue 1/3 av nasjonens 18 øremerkede turistveger», blant anna den over Hardangervidda og Vikafjellet. 12 personar på 9 motorsyklar drog av garde med godt mot. Turen skulle vise seg å bli innhaldsrik og «spanande».

Tunnel i Måbødalen viste seg å kunne bli stengt i inntil to og en halv time etter bilbrann tidlegare i veka. MC-folket kjørte sjølvstekt fram til starten av den laaange bilkøen og venta dermed berre eit par minutt på leiarbil. Truleg var ikkje alle bilistane like blide. Men veret var strålende!

Laurdag kom med meir usikkert ver, og ein MC med totalt utslitt bakdekk. Stålcorden var svært synleg. Ikkje muleg å finne dekk på Voss. Vi måtte, med hjarte i halsen, lurekjøre over Vikafjellet til Sogndal. Der fekk vi super service hos Sogndal MC og Idar, som la om dekk laurdag ettermiddag, utan å ta ekstra betalt for noe som helst.

Noen kjørte alternativ rute til Sogndal, ovar Hamlagrø, via Eksingedalen og langt ut gjennom fjorden. Ein av desse punkterte og blei ståande på eit fergeleie. Etter diverse telefonar hit og dit kom løysinga frå hotellverten vår på Lægreid hotell i Sogndal. Han lånte bort ny sin nye VW Caravelle. I leige skulle vi betale



Vi super service hos Sogndal MC og Idar, som la om dekk laurdag ettermiddag, utan å ta ekstra betalt for noe som helst.

dieselen. Den punkterte sykkelen blei henta og leverte til Sogndal MC. Søndag formiddag blei dekket reparert av same Idar - før han drog på fjelltur.

Utover søndagen starta alle på heimtur, via mange alternative ruter. Den punkterte kom trygt og godt over Sognefjellet og til Lom. Der knakk nøkkelen! Altså blei det buss heimatt til Lillehammer. Motorsykkelen kom etter med Falken måndag.

Stor takk til Sogndal MC og Lægreid Hotell for flott service. Stor takk også til gode MC-venner som stiller opp når det trengst: Øyvind H. og Erik O. forska og ringte og ordna for å få nytt dekk. Johnny kjørte MC frå «langt uti fjorden» til Sogndal, henta bil, henta MC og returnerte til Sogndal. Og resten gav moralsk støtte, og godhjarta mobbing for å legge ut på tur med nesten utslitt dekk. Til slutt var visst alle likevel einig om at det var ein fin tur likevel.